

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Video

MØTETIDSPUNKT: 17.02. 2021, KL. 0900 - 1500

Styreseminar for RHF-styret – Tema: Neste generasjon plan og Regional utviklingsplan
Administrasjonen presenterte status i arbeidet med Neste generasjon plan og Regional utviklingsplan.

Presentasjon av Sjukehusapoteka Vest HF ved styreleiar og administrerende direktør
Styreleiar og administrerende direktør presenterte Sjukehusapoteka Vest HF.

Styremøte var ope for publikum og presse på telefon

.....

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 001/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse på telefon.

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Sak 014/21Helse Bergen HF - førespurnad om samtykke til deltaking i aksjeselskap - Idrettsklynge Vest AS
- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 002/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 09.12. 2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 09.12.2020.

Sak 003/21 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Saker til oppfølging etter styremøte

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Koronaviruset – status i Helse Vest

Gjennom hausten har det vore fleire utbrot i regionen, det største i Bergen. Likevel har det ikkje ført til at veldig mange pasientar har blitt innlagt. Det kan skuldast mange tilhøve: smittespreiing i hovudsak blant unge, gode skjermingstiltak overfor risikoutsette personar, større tryggleik i handsaminga av smitta pasientar i kommunane, og gjennom avstand og bruk av munnbind vil inokulasjonsdosen vere redusert og bidra til mildare forløp av sjukdomen.

Spesialisthelsetenesta har framleis godt oversyn med og god kontroll med dei fem avgjerande faktorane som set tenestene i stand til å yte forsvarleg helsehjelp både til normal drift, og til corona-sjuka: personell, smittevernutstyr, test/analyse, medikamentet og medisinsk teknisk utstyr (respiratorar).

Om lag 4000 medarbeidarar er vaksinerte.

7. Felles tilvisingsmottak – ein veg inn for psykisk helsevern

Det har vore eit langsiktig mål at samspelet mellom avtalespesialistar og sjukehusa skal vere tettare for å styrke pasientane sine rettigheter og eit tettare og forpliktande samarbeid mellom sjukehusa og avtalespesialistane. Avtalespesialistar står for om lag 30% av poliklinisk aktivitet og inngår som del av ein spesialisthelseteneste som inngår i RHF-a sitt sørgje for ansvar.

Partane har lukkast i å nå fram til ny revidert rammeavtale. Det er kome på plass regulering av mange viktige endringar i revidert rammeavtale.

Dette er ein betydeleg omlegging og ein nyvinning. Dei regionale helseføretaka vil etablere prosjekt i kvar region for å gjennomføre endringane som venteleg vil ta tid, særleg for dei regionane som har mange avtalepsykiatrar og psykologspesialistar i kombinasjon med mange DPS. Ein er samd om å starte med vaksenpsykiatri og deretter for BUP området.

Partane er samde i at ordninga trer i krav 1. mars 2021, men at ein må innføre ordninga stegvis. Det inneber at «felles henvisningsmottak – en vei inn» vil skje over noko tid, men samtidig raskt nok.

8. Forprosjekt – læring og meistring i helsetenestane

Helse- og omsorgsdepartementet ga følgjande oppdrag i tilleggskildet til oppdragskildet 2019:

«De regionale helseforetakene skal gjennomføre et forprosjekt for gjennomgang og revisjon av lærings- og meistringstjenestene i spesialisthelsetjenesten. Tilsvarende oppdrag vil bli gitt til Helsedirektoratet som skal gjennomføre et forprosjekt for gjennomgang av oppgavedeling og samhandling mellom lærings- og meistringstjenestene i spesialisthelsetjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten. De to forprosjektene skal koordineres og ansvaret for koordineringen legges til Helse Sør-Øst RHF. Arbeidet skal gjennomføres, og legges fram for Helse- og omsorgsdepartementet, innen medio mai 2020.»

Oppdraget som ble gitt de fire RHF-ene er svart ut gjennom fellesrapporten som ble godkjent i møtet mellom de administrerende direktørene i RHF-ene 18. januar 2021. Rapporten er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

9. Avansert oppgaveplanlegging

Lysark er lagt ut til styret i Admincontrol. Spørsmål frå styret blei svart ut.

10. Orientering om utviklinga i psykisk helsevern for barn og ungdom i Helse Vest

På bakgrunn av signal frå føretaka og oppslag i media har Helse Vest bede helseføretaka om ei oversikt over utviklinga i behovet for tenester innan BUP (Barne- og ungdomspsykiatri) i 2019 og 2020.

Oversikta gir eit noko varierende bilete for åra 2019 og 2020, særleg fordi 2020 i så stor grad har vore prega av covid-19-pandemien. Alle føretaka rapporterer om auka tal på tilvisingar utover hausten 2020. Tilvisingane gjennom hausten gjeld i aukande grad meir alvorlege tilstandar, som kjensler av håpløys, depresjon, spiseforstyrningar, sjølvskading og destruktiv åtferd. Det er òg ei forskyving mot yngre barn.

Med eit par unntak er det inga auke i fristbrot. Ventetidene er noko aukande. Dette varierer frå helseføretak til helseføretak, der nokon har opptil 10 dagar høgare ventetid i januar 2021 jamført med januar 2020. På same tid aukar delen øyeblikkeleg hjelp-innleggingar.

Situasjonen er utfordrande for barn og unge, familiane som opplever at barna blir alvorleg sjuke - og for behandlarane i BUP. Den auken mengda tilvisingar gjeld i stor grad pasientar med alvorleg sjukdom.

Med bruk av heimekontor og digitale konsultasjonar er sosialt fellesskap og kollegial støtte redusert for medarbeidarane. Når konsultasjonar med fysisk oppmøte i stor grad blir erstatta av digitale konsultasjonar, er dette utfordrande på mange måtar, både for behandlarar og for nokre av dei unge pasientane og familiane deira. Auke i etterspurnad og intensitet i behovet for behandling hos pasientane, og reduserte moglegheter for støtte, er krevjande over tid. Det er særleg spesialistane som opplever auka press, då det er desse som har ansvar for diagnostikk og behandling av dei mest alvorlig sjuke.

Helse Vest konstaterer at helseføretaka tar situasjonen på alvor og har stor merksemd på dette området. Regionalt arbeider ein med prosjektet 'Barn og unge sine helsetenester', som skal bidra til betre fordeling av ansvar og gjere det enklare for alle som arbeider med barn og unge å finne fram til riktig hjelp. Dette prosjektet starta opp før pandemien.

Ein arbeidar systematisk og godt i helseføretaka for å sikre pasienttryggleiken og det er sett i verk tiltak i alle fire føretak. Både føretaka på overordna nivå og dei enkelte

divisjonane eller avdelingane innan psykisk helsevern, har styrka BUP med ressursar. Det er opna kveldspoliklinikkar, talet på akuttsenger er auka, saker som er mogleg å avslutte har blitt avslutta, det er opna for yngre barn i akutt-teama, rekrutteringa på feltet er intensivert og det nyttes digitale flater for å gjennomføre behandling der det er mogleg og fagleg forsvarleg.

Det er likevel eit stort press på tenestene, og tiltaka som no er satt inn, må vidareførast og bli forsterka for at barn og unge i regionen skal få eit godt tenestetilbod med god tilgjengelegheit og utan lange ventetider. På same tid må føretaka ta vare og halde på medarbeidarane sine, og rekruttere dyktige medarbeidarar. Det har allereie før pandemien vært ei særleg utfordring å utdanne og rekruttere spesialister innan psykisk helsevern. Auka arbeidspress forsterkar denne utfordringa.

Helse Vest har bede føretaka om ei orientering om følgjande:

Oversikt over volum på tilvisingar gjennom 2020 og fram til i dag

Om det er særskilt auke innan grupper eller diagnoseområder

Om det er fristbrot

Om det er sett inn tiltak, og kva desse tiltaka eventuelt er

Innspela frå føretaka er noko ulikt presentert, men overordna melder alle helseføretaka og Betanien BUP om auka volum på tilvisingar, nokre i poliklinikk og andre til sengeposter. Føretaka ser ei auke i spiseforstyrningar og andre alvorlege lidningar, som alvorleg sjølvskading og destruktiv åtferd. Det er få fristbrot, men ventetidene aukar mykje i fleire av føretaka. Alle helseføretaka har sett inn tiltak, som kveldspoliklinikk, auke i akutt-sengeplasser, og nye tilsettingar. Men framleis er presset stort og ein opplever situasjonen som krevjande.

11. Høyring i Stortinget – Rapport frå Riksrevisjonen - kva er iverksett av tiltak

Administrasjonen orienterte om lukka høyring i Stortinget. 22 avvik er lukka. Styret blir orienterte om status i førstkommande styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 004/21 Rapportering frå verksemda per november og desember 2020

Oppsummering

Målekort Helse Vest - desember 2020		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	61	53		64	53	
	Ventetid - VOP	45	36	40		39	40	
	Ventetid - BUP	40	32	35		37	35	
	Ventetid - TSB	35	27	30		28	30	
Andel kontakter passert planlagt tid		6,60 %						
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk		1,70 %	0		0			
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	12 125	12 262	-1,1 %		141 736	153 101	
	Dagopphold	4 611	4 496	2,6 %		53 179	59 603	
	Poliklinikk	97 301	86 663	12,3 %		1 139 689	1 153 531	
Psykatri	Døgnopphold	700	735	-4,8 %		8 230	8 482	
	Dagopphold	68	63	7,9 %		828	680	
	Poliklinikk	30 027	28 201	6,5 %		386 583	396 461	
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	119	70	70,0 %		1 481	1 111	
	Dagopphold	5	1	300,0 %		39	21	
	Poliklinikk	7 591	7 331	3,5 %		107 419	101 518	
Bemanning	Brutto månedsverk	23 811	22 986	3,6 %		23 402	22 582	
	Sykefravær (forrige måned)	5,5 %	7,3 %	5,5 %		7,5 %	5,5 %	
Økonomi Resultat			Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
			737 836	47 360	690 476	1 032 489	557 743	474 746

Koronapandemien

Gjennom hausten har det vore fleire utbrot i regionen, det største i Bergen. Likevel har det ikkje ført til at veldig mange pasientar har blitt innlagt. Det kan skuldast mange tilhøve: smittespreiing i hovudsak blant unge, gode skjermingstiltak overfor risikoutsette personar, større tryggleik i handsaminga av smitta pasientar i kommunane, og gjennom avstand og bruk av munnbind vil inokulasjonsdosen vere redusert og bidra til mildare forløp av sjukdomen.

Spesialisthelsetenesta har framleis godt oversyn med og god kontroll med dei fem avgjerande faktorane som set tenestene i stand til å yte forsvarleg helsehjelp både til normal drift, og til corona-sjuka: personell, smittevernutstyr, test/analyse, medikamenter og medisinsk teknisk utstyr (respiratorar).

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for behandling starta for alle fagområde i desember var 59 dagar, noko som er ein liten nedgang frå førre måned, og same gjennomsnittleg ventetid som desember 2019.

Pakkeforløp kreft

Dessverre er det oppstått ein feil i dataoverføring til Helsedirektoratet angående pakkeforløp kreft. Korrekte tal for desember kan derfor ikkje leggst fram no. Dette vil bli synleggjort i ny rapport neste måned.

Pakkeforløp januar - november 2020	Helse Vest RHF					Jan - nov	Helse Stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Haraldsplass HF	
	Jan - mars 2020	April - juni 2020	Juli - sept 2020	Okt - nov 2020	Jan - nov 2020	Antall pasienter	Variasjon i perioden i %	Antall pasienter jan - nov 2020	Variasjon i perioden i %	Antall pasienter jan - nov 2020	Variasjon i perioden i %	Antall pasienter jan - nov 2020	Variasjon i perioden i %	Antall pasienter jan - nov 2020	Variasjon i perioden i %	Antall pasienter jan - nov 2020
Akutt leukemi og høyrisiko myelodysplasi	73 %	83 %	63 %	0 %	68 %	34		33-50	7		0-100	24	100	3		
Blærekreft	89 %	86 %	92 %	92 %	90 %	280		81-100	63	80-94	57	75-94	74	89-100	36	82-100
Brystkreft	56 %	66 %	65 %	72 %	64 %	687		61-80	195	50-77	120	42-73	319	60-86	52	0
Bukspyttkjertelkreft	69 %	76 %	57 %	81 %	70 %	92		60-100	32	0-100	4	46-89	51	0-50	5	
Eggstokkreft (ovarial)	82 %	100 %	92 %	86 %	89 %	108		100	34	50-100	8	71-100	50	75-100	14	100
Føflekkkreft	84 %	90 %	88 %	86 %	87 %	658		68-85	203	100	35	82-96	375	71-100	22	
Galleveiskreft	63 %	80 %	80 %	100 %	78 %	23		50-100	5	0	1	67-100	12	0-100	2	0-100
Hjernerkeft	91 %	100 %	77 %	88 %	88 %	56		0-100	9	0	2	75-100	41	100	2	100
Hode - halskreft	70 %	62 %	87 %	61 %	71 %	150		43-80	40	0-75	12	60-94	88	50-100	10	
Kreft hos barn	83 %	92 %	100 %	100 %	90 %	31		0-100	10			75-100	21			
Kreft i spiserør og magesekk	78 %	76 %	92 %	87 %	82 %	102		73-100	26	0-100	12	80-100	47	50-100	14	50-100
Kronisk lymfatisk leukemi (KLL)	75 %	80 %	89 %	75 %	79 %	33		0-50	4			75-100	23	75-100	6	
Livmorhalskreft (cervix)	58 %	74 %	75 %	86 %	70 %	53		50-100	15	50-100	5	50-100	33			
Livmorkreft (endometrie)	66 %	90 %	83 %	71 %	77 %	137		86-89	32	40-100	17	58-93	81	50-67	7	
Lungekreft	61 %	71 %	75 %	77 %	70 %	438		67-75	129	71-81	63	44-84	189	50-100	38	29-100
Lymfomer	56 %	70 %	62 %	80 %	63 %	126		45-63	47	50-100	9	60-88	56	40-75	13	100
Myelomatose	73 %	82 %	92 %	67 %	82 %	51		25-100	16	100	3	100	18	33-100	13	100
Nevroendokrine svulster	75 %	100 %	100 %	100 %	94 %	16		75-100	14			100	1	100	1	
Nyrekreft	42 %	71 %	72 %	88 %	65 %	133		20-100	26	50-100	27	45-100	64	33-67	14	0
Peniskreft	83 %	80 %	80 %	0 %	76 %	17		0	1	0	1	0-100	13	100	1	100
Primær leverkreft (HCC)	8 %	0 %	40 %	0 %	17 %	12		0	3	0	1	0-67	7	0	1	
Prostatakreft	65 %	71 %	55 %	81 %	67 %	772		56-80	204	38-50	38	61-91	423	25-48	81	82-100
Sarkom	78 %	71 %	88 %	64 %	75 %	44		0-100	4	0	1	64-100	38	100	1	
Skjoldbruskkjertelkreft	78 %	100 %	25 %	0 %	47 %	45		25-100	8	100	2	0-100	35			
Testikkelkreft	53 %	63 %	69 %	83 %	64 %	45		33-75	15	75-100	5	38-100	23	100	1	0
Tykk- og endetarmskreft	64 %	84 %	72 %	78 %	74 %	679		67-87	143	86-93	97	45-75	270	77-100	72	73-100
Tal pakkeforløp innan standard forløpstid	1 011	947	938	652	3 548	4 822			941		390		1 728			178
Totalt tal gjennomførte pakkeforløp	1 497	1 220	1 271	834	4 822				1 285		520		2 376			209
Prosentdel forløp innan standard forløpstid	68 %	78 %	74 %	78 %	74 %				73 %		75 %		73 %			85 %

Prioriteringsregelen

Samla for heile året (2020) er dei regionale målsettingane for ventetid oppfylt innan PHV og TSB. Innan BUP var ein nær målet, med ei samla gjennomsnittleg ventetid på 37 dagar for dei 12 månadene samla i 2020. Innan somatisk sektor låg ein eit godt stykke unna målsettinga.

Aktivitet

Koronautbrotet resulterte i ein nedgang i den somatiske aktiviteten i perioden mars til mai både innan døgnbehandling, dagbehandling og den polikliniske aktiviteten. Utslaga var størst i april, medan det har vore ei auke i aktiviteten frå juni i tråd med føringar frå eigar om å ta opp igjen ordinær aktivitet.

Økonomi

Helseføretaka er ikkje ferdig med å avslutte rekneskapen for 2020 enno, og rapporteringa på økonomi vil denne ganen vere med basis i rapporteringa pr. november. Det samla resultatet for føretaksgruppa akkumulert per november er kr 1 032,5 mill. Dette er kr 474,8 mill. høgare enn budsjett. I november månad var det samla resultatet kr 737,8 mill., noko som gav eit positivt budsjettavvik på kr 690,5 mill.

	November			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	215 418	8 333	207 084	111 236	91 667	19 569
Helse Fonna	115 759	3 333	112 426	109 329	36 668	72 661
Helse Bergen	275 657	10 000	265 657	199 537	110 000	89 537
Helse Førde	89 045	3 833	85 212	121 504	32 167	89 337
Sjukehusapoteka VEST	173	1 175	-1 002	1 158	5 463	-4 305
Helse Vest IKT	3 963	5 537	-1 574	-445	-1 759	1 315
Helse Vest Morselskap	37 821	15 148	22 673	490 171	283 538	206 633
Til saman	737 836	47 360	690 476	1 032 489	557 743	474 746

Alle tall i heile tusen

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet på de fleste helsefaglege indikatorar er framleis prega av Covid-19 ved utgangen av desember.

Aktiviteten i 2020 er lågare innan somatikk og psykisk helsevern vaksne, medan psykisk helsevern for barn og unge har ein aktivitet som er tilnærma lik førre år. For TSB er den polikliniske aktiviteten høgare enn til same tid i 2019.

Utviklinga i ventetider for somatikk viser i desember negative tal jamført med måltalet. For dei andre fagområda er tala lågare enn måltala i desember. Prosentdel fristbrot har gått ned sidan august, og denne trenden har fortsett ut året.

Utviklinga innan pakkeforløp for kreft fortset å vere positiv gjennom 2020, og viser i november ei måloppnåing på 74 % for indikatoren som viser tid frå tilvising mottatt til start behandling. Dette er i tråd med krava.

Resultatet for november månad viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Akkumulert per november er det eit positivt avvik. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli betre enn normalnivå. Delar av dette avviket må sjåast opp mot den usikkerheit som ligg i 2021 i forhold til utviklinga i pandemien og den økonomiske konsekvens som følgjer av dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2020 til etterretning.

Sak 005/21 Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2021 og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 14.01.21

Oppsummering

Torsdag 14. januar 2020 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin årlege «sjukehustale».

Same dag vart det kl. 14.00 halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka på video.

I protokollen går det ikkje fram at Jan Oddvar Gjerde var til stades. Administrasjonen gir melding til Helse- og omsorgsdepartementet om det.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok oppdragsdokument 2021 og protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF den 14. januar 2021» til etterretning.

Sak 006/21 Styringsdokument 2021 til HF-a og Helse Vest IKT AS

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom eit samla styringsdokument. Styringsdokumenta klargjer overordna mål, oppgåver og rammer for bruk av midlar, og prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Styret i Helse Vest RHF fekk i styremøte i desember 2020, høve til å gje innspel til konkrete styringsbodskap til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, jf. styresak 140/20. I same sak behandla styret også forslag til ny struktur for styringsdokumenta. Styret hadde ingen ytterlegare innspel til styringsbodskap enn det som vart presentert i styresaka.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Helse Førde HF
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2021 for Helse Vest IKT AS

Sak 007/21 Nye Førde sentralsjukehus - utbyggingsløyising og kostnadsramme

Oppsummering

Utbyggingsprosjektet var i forprosjektet delt inn i 8 utbyggingssteg. Det omfatta m.a. nytt bygg for psykisk helsevern (Dagabygget), nytt bygg for somatiske tenester (Livabygget) og ombygging av sentralblokk (Svanabygget) i fleire steg

Når saka no blir lagt fram til behandling i Helse Vest igjen ligg det to forhold til grunn. Det er i etterkant av sist behandling gjort ei fornya vurdering av løysinga for somatikken. Det var opphavlig planlagt eit nytt lågbygg samstundes som eksisterande høgblokk med sengepostar skulle renoverast/byggjast om. Det er no vurdert meir tenleg å bygge meir nytt og redusera ombygging i eksisterande bygg. Livabygget blir føreslått utvida til 8 etasjar, dvs med 4 nye sengeetasjar.

Samstundes viste kostnadane seg å vere for høge basert på innhenta prisar.

Helse Førde vedtok i styremøte 23. mars 2020 at føretaket skulle arbeide vidare med Livabygget i åtte etasjar og eit kostnadsmål på 1,803 mrd. i 2020 kroner. Det vart i mai 2020 gjennomført ei forenkla KSK (ekstern kvalitetssikring av konseptval). Den uavhengige KSK-vurderinga konkluderte med at Livabygget i 8 etasjar er eit betre prosjekt enn løysinga frå forprosjektet. Prosjektet gjev låg risiko, auka fleksibilitet og høg kvalitet for pasientar og tilsette.

Prosjektet er etter dette vidareutvikla og optimalisert gjennom ein samhandlingsprosess med grupperinga til Veidekke. Løysinga fekk brei støtte frå driftsorganisasjonen i ein intern evalueringsprosess.

Det har ikkje vore råd å nå kostnadsmålet som Helse Førde definerte 23. mars 2020. Nye Førde sjukehus må ha ei ramme på 1 803 + 70 mill. kr for å oppfylle driftskonseptet og realisere nødvendige kvalitative og økonomiske gevinstar.

Tilbodet frå Veidekke ligg til grunn for kostnadsramma på 1,873 mrd. i 2020 kroner. Det er gjennomført uavhengig revisjon av kostnadsnivå i tilbodet, og ei omfattande prissamanlikning med andre sjukehusprosjekt. Konklusjonen er at tilbodet frå Veidekke er konkurransedyktig prisa og Helse Førde rår til å slutføre kontraktstingingar med Veidekke på denne ramma.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner ny utbyggingsløyising med total kostnadsramme på 1,873 milliardar i 2020-kroner for utbygging av Nye Førde sjukehus.
2. For å sikra at Helse Førde kan handtere kostnadane må det lagast ein plan for korleis kostnadane kan reduserast med 70 millionar kroner.
3. Helse Førde må finne løysingar for resterande arbeid i sentralblokk (Svana 4) innanfor dei årlege drifts- og vedlikehaldsbudsjetta.

Sak 008/21 Konsernbudsjett 2021, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 9. desember 2020 sak 136/20 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2021. Det vart då fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2021:

Inntektsramme

INNETKTSFORDELING 2021	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 248 304	1 043 954	3 524 660	707 850	388 175	-	7 912 943
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 383 307	2 291 734	6 628 530	1 866 019			15 169 591
Kvalitetsbasert finansiering	27 004	12 131	41 789	10 971			91 895
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	403 500	230 187	1 021 611	209 303	500 791	3 652 519	6 017 911
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	110 881	51 018	197 537	39 717	11 952		411 106
SUM, inntekt 2021 fordelt frå RHF	7 172 996	3 629 026	11 414 127	2 833 861	900 917	3 652 519	29 603 446

Resultatkrav

Endeleg inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2021	175 000	14 000	150 000	34 000	7 000	1 000	150 000	531 000

Helseføretaka har med basis i sak 136/20 B behandla og vedtatt sine budsjett for 2021 i dei respektive styra.

Helse Stavanger har i styremøte den 16.12.20 under sak 98/20 føreslått å sette ned resultatkravet frå 175 til 145 mill. kroner for 2021. Føretaket vurderer det som krevjande å auke resultatkravet frå 100 til 175 mill. kroner med tanke på at innføring av ny inntektsmodell blir fordelt over to år. Administrerande direktør er einig i denne vurderinga og tilrår at resultatkravet for 2021 blir sett til 145 mill. kroner.

Helse Fonna har i styremøte den 14.01.21 under sak 07/21 vedteke å auke resultatkravet til 34 mill. kroner for 2021 for å styrke likviditet og finansieringsgrunnlag til investeringar. Administrerande direktør gir sin tilslutning til at resultatkravet for 2021 blir sett til 34 mill. kroner.

Helse Vest RHF legg med basis i helseføretaka sine vedtak for budsjett 2021 no fram sak om konsernbudsjett 2021 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Justert resultatkrav for 2021 blir no som følgjer:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2021	145 000	34 000	150 000	34 000	7 000	1 000	150 000	521 000

Denne saka tar elles og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2021. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 136/20 B som no er innarbeidd i inntektsfordelinga.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramme for 2021 som blei vedtatt under sak 136/20 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2021 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2021 - sak 136/20 B	7 172 996	3 629 026	11 414 127	2 833 861	900 917	3 652 519	29 603 446
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Endring ISF pris (ABE-reforma)	-2 260	-1 049	-3 542	-711	-390	-136	-8 089
Økt aktivitet - kjøp hos private						45 100	45 100
Netto endring basisramma - ABE reforma	510	285	732	186		-2	1 711
Auke i tilskot til turnusteneste legar og fysioterapautar						320	320
Korreksjon forskning og medisinske kompetansenester						-195	-195
Endringar i inntektsfordelinga							
Samhandlingsbarometer				2 116		-2 116	0
Kompetanse og nettverksbygging "kropp og sjølvkjensle"			1 371			-1 371	0
Nasjonale kompetansenester - manglande prisjust	400	24	1 897			-2 321	0
Lipødem til HDS					4 000	-4 000	0
Endring øremerka tilskot							
Tilskot til protonster			71 000				71 000
Forsøksordning tannhelseteneste			3 900				3 900
Behandling av seksuelle atferdsproblemar blandt barn og						2 000	2 000
LIS1-stillingar	10 000	5 000	12 000	2 000	3 000		32 000
Kvalitetsbasert finansiering	-26	-12	-40	-11			-89
Sum endringar	8 624	4 248	87 317	3 580	6 610	37 279	147 658
Oppdatert inntektsfordeling 2021	7 181 621	3 633 274	11 501 444	2 837 441	907 527	3 689 797	29 751 104

2. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2021	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 246 044	1 042 905	3 521 118	707 139	387 784	-	7 904 990
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 383 817	2 292 019	6 629 262	1 866 205			15 171 303
Kvalitetsbasert finansiering	26 978	12 119	41 749	10 960			91 806
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	403 901	230 212	1 024 879	211 419	504 791	3 689 798	6 064 999
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	120 881	56 018	284 437	41 717	14 952		518 006
SUM, inntekt 2021 fordelt frå RHF	7 181 621	3 633 273	11 501 444	2 837 441	907 527	3 689 798	29 751 104

3. Resultatkravet for 2021 blir fastsett som følger:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2021	145 000	34 000	150 000	34 000	7 000	1 000	150 000	521 000

4. Investeringsbudsjettet for 2021 blir fastsett som følger:

Samandrag investeringar (Budsjett 2021)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 882 107	571 314	1 327 000	278 100				5 058 521
Medisinteknisk utstyr	346 564	44 500	204 000	25 000				620 064
IKT				2 700		504 950		507 650
Anna	56 569	10 600	154 000	12 300	41 900			275 369
Sum investeringar 2021	3 285 240	626 414	1 685 000	318 100	41 900	504 950	0	6 461 604

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2020 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Det høge resultatet i 2020 må ein sjå i samanheng med at pandemien kan få store økonomiske konsekvensar og i 2021. Det er ein positiv skilnad mellom Covid 19 relaterte løyvingar og rapportert økonomisk konsekvens av pandemien i 2020. HFa må derfor ikkje disponere denne delen av resultatavviket i 2020 til investeringar før dei samla konsekvensane på resultatet av Covid-19 for både 2020 og 2021 er kjende.
- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjetttramma.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

Sak 009/21Budsjett 2021 for Helse Vest RHF - administrasjonen

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2021 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 008/21 Konsernbudsjett 2021.

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 008/21 Konsernbudsjett 2021, inntektsramme for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 150,6 mill. inkl. lønns- og rekneskapsenteret (LRS).

Administrerande direktør tilrår budsjetttramma i tabellen under for 2021:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2020	140 738
Helårseffekt nye årsverk 2020	4 500
Deflatorjustering	3 035
Administrasjonsbudsjett 2021	148 273
Effekt av nye årsverk	700
Korreksjon permisjonar i 2021	-350
Innleie ressurser e-helse	2 000
Administrasjonsbudsjett 2021 inkl. nye årsverk	150 623

Tall i heile tusen

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen er auka med eit årsverk i 2021, til 72,2 årsverk. Det nye årsverket er i Sekretariatet. I tillegg er det ein lærlingavtale i Sekretariatet som ikkje blir rekna med, då delar av kostnaden blir refundert. Det er i budsjetttramma 2021 tatt høgde for at auka i nye årsverk ikkje vil få full kostnads messig effekt for 2022 grunna permisjonar i 2021. For 2021 inneberer dette ei auke på kr 0,35 mill., medan heilårseffekten av denne endringa utgjer kr 0,7 mill. Det er og satt av midlar til innleie av direktør for e-helse frå Helse Vest IKT.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok budsjett 2021 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtok budsjett 2021 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Sak 010/21 Val av revisjonsutval

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om å velje nytt revisjonsutval.

Vedtak (samrøystes)

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:

Gunnar Berge og Olin Johanne Henden helde fram som medlemmer i revisjonsutvalet. Wenche Kristin Røkenes erstattar Bente Pilskog.

Sak 011/21 Helse 2035 – Status for gjennomføringa av Tiltaksplanen

Oppsummering

Tiltaka i den regionale tiltaksplanen er ein sentral del av gjennomføringa av strategien, Helse2035. Denne saka gir ei statusoppdatering om framdrifta, og skildrar overordna korleis vi skal jobbe vidare med tiltaka. Saka skildrar òg korleis ny helse- og sjukehusplan, nytt oppdragsdokument, føretaksprotokoll og covid-19-pandemien påverkar arbeidet med tiltaksplanen.

Sjølv om situasjonen rundt covid-19 har tatt mykje merksemd sidan mars 2020, har Helse Vest hatt aktivitetar og framdrift knytte til tiltaka. Covid-19 fører òg til at ein del aktivitetar blir framskunda. Overordna kan vi seie at Helse2035 har bestått «covid-19-testen», ved å vise seg robust og aktuell i den spesielle situasjonen.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tek saka til orientering.

Hovudinnretninga frå Helse2035 og ny nasjonal helse- og sjukehusplan ligg til grunn for det vidare arbeidet med utviklingsplanane og tiltaka.

Sak 012/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av RBU oppsummerte frå sist møte i Regionalt brukarutval.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 013/21 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Brev frå Høyanger kommune – Framtida til Tronvik behandlingsheim – 041220

Skriv 02 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval 281020

Skriv 03 – Søknader til Helse Vest RHF om tilskot til helsefremjande arbeid – 011220

Skriv 04 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval 021220

Skriv 05 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval 120121

Skriv 06 – Høyringsuttale frå Høyanger kommune – Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling – 260121

Skriv 07 – Høyringsuttale frå Sogn regionråd – Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling – 260121

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ettersendt sak

Sak 014/21 Helse Bergen HF - førespurnad om samtykke til deltaking i aksjeselskap - Idrettsklynge Vest AS

Oppsummering

Styret i Helse Bergen HF vedtok å gå inn som aksjonær i selskapet Idrettsklynge Vest AS i styremøte 16. desember 2020. Helse Bergen HF har bedt Helse Vest RHF om godkjenning i medhald av retningslinjer for selskapsetablering, fastsatt av styret i Helse Vest RHF i møte 8. november 2006. Administrerande direktør gir i saka sin tilråding til at styret i Helse Vest RHF gir sitt samtykke til deltaking i selskapet.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF samtykker til at Helse Bergen HF går inn som aksjonær i Idrettsklynge Vest AS.
2. Styret i Helse Vest RHF ber om at saka og Helse Bergen sin utfyllande utgreiing dagsett 7. januar 2021, blir lagt fram for styret i Helse Bergen HF til orientering.
3. Styret i Helse Vest RHF ber vidare om at styret i Helse Bergen HF sikrar at det blir etablert tilfredsstillande rapporteringsrutinar frå selskapet og til styret i Helse Bergen HF.

Ref. 17.02.2021 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
-----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Ingeborg Morken	Medlem
-----------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Sigurd Hille	Medlem
--------------	--------

Pernille Lysaker	Medlem
------------------	--------

Egil Olsen	Medlem
------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
---------------------------	--------

Marie Skontorp	Medlem
----------------	--------